



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene komme er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Fastlege - 100% vikariat

Stillingsinformasjon

Grunna tariffesta utdanningspermisjonar er det ledig vikariat i 6 månader for fastlege. Stillinga er lokalisert på Frekhaug legesenter og er på fast løn. Legesenteret har i alt 7 fastlegar, inkludert kommuneoverlege. I tillegg har senteret turnuslege, jordmor og helsesekretærar. Det takast etterhald om at Helsedirektoratet vurderer pålegg om ekstra turnuslege i same periode. Av plassomsyn kan då stillingsprosenten bli redusert.

Arbeidsoppgåver

Arbeid som fastlegevikar i 2 månader på ei fastlegeliste, og i ytterlegare 4 månadar på ei anna fastlegeliste. Kommunen kan pålegge inntil 1 dag pr veke til offentleg legearbeid.

Kvalifikasjonskrav

Norsk autorisasjon som lege.

Gode kunnskapar munnleg og skriftleg.

Godkjend politiattest.

Evne til samarbeid vert tillagt avgjerande vekt.

Søkjer bør vere vaktkompetent.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Eit travelt og triveleg arbeidsmiljø, med hyggelege pasientar og tilsette.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 06.06.2017

Utlyst dato 16.05.2017

Vårref

679/17

Kontaktperson

Tord A Lappen Molsumyr, Kommuneoverlege/hesesjef, tlf: 56171120, tord.molsumyr@meland.kommune.no